

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eli Nes Killingrød, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/321-25

Tillegg til budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Auka tapskompensasjon på 22,5 mill. kr vert førebels sett av til bufferfondet.
2. Løyvinga til ekstraordinært tunnelvedlikehald på 64,7 mill. kr vert nytta til finansiering av Høyangertunnelen.
3. Dei friggjorte ordinære vedlikehaldsmidlane i høve finansiering av Høyangertunnelen vert nytta slik:
 - a. 22,1 mill. kr til attendebetaling av statstilskot i samband med uveret «Dagmar» i 2011.
 - b. 7,0 mill. kr i fondsavsetting for å styrke av skadefondet.
 - c. 15,0 mill. kr vert reservert ev. nye «uverskostnader» i 2015.
 - d. Resterande 20,6 mill. kr til dekking av kostnader med uveret seinhaustes 2014.

Vedlegg:

1. Notat til fylkesutvalet, dagsett 28.11.14, om «Dagmar-kostnader» .
2. Brev frå KMD, dagsett 2.12.14, om attendebetaling av for mykje utbetalt statstilskot

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)

SAKSFRAMSTILLING

Dette er eit tillegg til FT-sak 50/14 Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18). Saksframstillinga som vert presentert her, samt fylkesutvalet si tilråding i møte 8.12.14 vert lagt fram for fylkestinget som vedlegg til nemde budsjettsak 50/14.

Fylkesutvalet vert gjennom denne saka utfordra på to problemstillingar i høve budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18):

- Auka tapskompensasjon
- Disposisjonar på samferdslebudsjettet

Auka tapskompensasjon

I budsjettforliket mellom regjeringspartia Framstegspartiet og Høgre, og støttepartia Kristeleg Folkeparti og Venstre, kom ein fram til at fylka skulle få ein auka tapskompensasjon for neste år på 60 mill. kr. Kommunal- og forvaltningskomiteen har no kome med si innstilling på fordeling av desse midlane mellom fylkeskommunane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune får 22,5 millionar kroner av desse midlane. Den siste fordelinga gjer at Sogn og Fjordane får til saman 53,9 millionar kroner av den samla tapskompensasjonen på 185 millionar kroner.

Det vert lagt opp til at dette nivået på tapskompensasjonen skal vidareførast. Dette tilseier at vårt forventa inntektstap som følgje av omlegginga av inntektssystemet vert redusert frå 247 mill. kr til 224,5 mill. kr.

Om innstillinga vert vedteken i Stortinget vil vi få 22,5 mill. kr meir i årleg tapskompensasjon enn føreset i vårt budsjettopplegg.

Slik fylkesrådmannen ser det, har vi høvesvis «romsleg» økonomi i 2015, medan den langsiktige utfordringa er svært krevjande. Det er difor viktig å sikre at det auka handlingsrommet vi får i 2015 - som følgje av auka tapskompensasjon - ikkje vert nytta til å «blåse opp» driftsnivået på kort sikt. Det vil i så fall gjere den langsiktige tilpassinga endå meir krevjande.

Følgjande utsegn i komiteinnstillinga understrekar det same:

«*Flertallet (H, Frp, V og Krf) ber fylkeskommunene merke seg at endringene av inntektssystemet for fylkeskommuner blir faset gradvis inn over fem år slik at denne tapskompensasjonen i starten i stor grad vil dempe virkningene av nytt inntektssystem. Dette må fylkeskommunene ta hensyn til slik at økt tapskompensasjon ikke blir brukt til å utsette ellers nødvendige tilpassinger til ny inntektsramme.*»

Denne uttalen kan også tolkast slik at tapskompensasjonen som no vert gitt, ikkje vert trappa opp i takt med innføringa av det nye inntektssystemet.

I komiteinnstillinga har V og Krf følgjande merknad som likevel gjev grunnlag for å arbeide vidare for ei opptrapping av tapskompensasjonsordninga:

«*Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti og Venstre viser til at flertallet styrker den femårige tapskompensasjonsordningen for fylkeskommunene, som taper på omleggingen av inntektssystemet. Disse medlemmer mener en forsterking av kompensasjonsordningen var viktig for å unngå kutt i tapsrammede fylkeskommuner innenfor blant annet videregående opplæring, samferdsel og kultur. Disse medlemmer mener at en i forbindelse med behandlingen av kommuneproposisjonen for 2016 må vurdere om det er behov for en forsterkning av tapskompensasjonen for de fylkeskommunene som taper mest på omleggingen av inntektssystemet.*»

Kva som her blir resultatet får vi først svar på i kommuneproposisjonen for 2016, ev. i endeleg statsbudsjett (2016). Vår fylkeskommune vil uansett ha ei stor utfordring i det å få samsvar mellom driftsnivået og reduserte inntektsrammer dei neste 5 åra. Sjølv om tapskompensasjonen skulle bli trappa opp med same fordeling som i 2015, vil vi likevel måtte ta ned det årlege driftsnivået med 135 mill. kr/år etter full innføring av nytt inntektssystem.

Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen tilrå at den auka tapskompensasjonen i 2015 førebels vert sett av til bufferfondet for å møte framtidige driftsutfordringar i samband med iverksetjing av langsiktige innsparingstiltak. Dette er i tråd med sluttsalderinga i framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18).

Ei disponering av midlane kan eventuelt også vurderast ved handsaming av tertialrapport 1/15. Då vil både rekneskapsresultatet for 2014 og regjeringa sitt framlegg til kommuneproposisjon 2016 vere kjende.

Disposisjonar på samferdslebudsjettet

I samband med framlegg til statsbudsjett fekk vi mellom anna ei løyving til ekstraordinært tunnelvedlikehald på 64,7 mill. kr/år i perioden 2015-19. Midlane er ein kompensasjon for utbetringar som må gjerast i samband med ny tunnelforskrift. Før denne løyvinga var kjent hadde vi alt finansiert utbetringane i Høyangertunnelen innafor det ordinære vegvedlikehaldsbudsjettet.

Dei nye «tunnelmidlane» bør i si heilheit nyttast til utbetringane i Høyangertunnelen. Dette gjer at vi får frigjort 64,7 mill. kr innafor det ordinære vegvedlikehaldet i 2015.

Dei frigjorte vedlikehaldsmidlane kan mellom anna nyttast til å dekke inn finansieringsbehovet som følgje av attendebetalinga av delar av statstilskotet frå «Dagmar» på 22,1 mill. kr og nye kostnader i samband med uveret vi hadde no i haust på omlag 20 mill. kr. Begge beløpa må finansierast innafor 2015 budsjettet. Når det gjeld attendebetaling av statstilskot frå «Dagmar» vert det vist til eige notat til fylkesutvalet dagsett 28.11.14. Notatet er teke inn som vedlegg 1. Det vert og vist til KMD sitt brev av 2.12.14 med krav om attendebetaling. Dette er teke inn som vedlegg 2.

Resterande frigjorte vedlikehaldsmidlar meiner fylkesrådmannen bør nyttast til å møte ev nye «overskostnader» i 2014/15. Bakgrunn for denne tilrådinga er todelt:

- Det vart nytta midlar frå skadefondet for å dekke opp deler av forlikskravet med NCC i høve Dalsfjordsambandet. Fondskapitalen er no nede på omlag 23 mill. kr.
- Det er ikkje budsjettert med avsetting til «overskostnader» i 2015 og 2016. Denne løyvinga har i tidlegare budsjett lege på 15 mill. kr/år. Ev. ubrukt løyving har vorte avsett til skadefondet.

Konklusjon:

Gjennom denne saka tilrår fylkesrådmannen følgjande tilleggspunkt i budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18):

4. Auka tapskompensasjon på 22,5 mill. kr vert førebels sett av til bufferfondet.
5. Løyvinga til ekstraordinært tunnelvedlikehald på 64,7 mill. kr vert nytta til finansiering av Høyangertunnelen.
6. Dei frigjorte ordinære vedlikehaldsmidlane i høve finansiering av Høyangertunnelen vert nytta slik:
 - a. 22,1 mill. kr til attendebetaling av statstilskot i samband med uveret «Dagmar» i 2011.
 - b. 7,0 mill. kr i fondsavsetting for å styrke av skadefondet.
 - c. 15,0 mill. kr vert reservert ev. nye «overskostnader» i 2015.
 - d. Resterande 20,6 mill. kr til dekking av kostnader med uveret seinhaustes 2014.